

Til eigenkapitalbeviseigarane i Tysnes Sparebank.

Innstilling til val av medlemmer til forstandarskapet og til eigenkapitalbeviseigarane sin valkomite.

Tysnes Sparebank har sendt ut brev til eigenkapitalbeviseigarane dagsett 4. januar, men frist til å koma med forslag til valkomiteen innan 14. januar. Det er ikkje kome innspel.

Valnemnda, som består av Atle Ternes, leiar, og medlemmene Kjell Fylkesnes og Solfrid Burkeland Smith, har hatt to møte, og er kome til fylgjande innstilling:

Val til forstandarskap.

Val til forstandarskap gjeld for 4 år, både for faste medlemmer og varamedlemmer, jf §3—2 i vedlektene. Eigenkapitalbeviseigarane har tre medlemmer, og to varamedlemmer. Ved valet i 2019 vart det justert funksjonstid på 3 år, for å koma i vanleg fase i 2022.

Reidun Myklebust er på val no. Ho har vore varamedlem 2015-19, og fast medlem frå 2019. Ho er no leiar av forstandarskapet.

Ho har sagt ja til attval, og kan attveljast.

Varamedlem Atle Andersland er og på val no. Han har vore i funksjonen sidan 2015, og kan attveljast. Han har sagt ja til attval som varamedlem, men og som medlem, dersom det skulle bli aktuelt. Han har ikkje møtt i forstandarskapen.

Reidun Myklebust har fått gode skussmål for arbeidet sitt i forstandarskapet. Ho har hatt kort funksjonstid, 3 år, og bør få ein periode til.

Atle Andersland er ein respektert næringslivsdrivande på Tysnes.

Valnemnda meiner at begge bør få ein periode til, og foreslår attval.

Innstilling på medlemmer til forstandarskapet:

Medlem: Reidun Myklebust vert attveld for 4 år

Varamedlem: Atle Andersland vert attveld for 4 år.

Val til eigenkapitalbeviseigarane sin valkomite.

Eigenkapitalbeviseigarane sin valkomite har tre medlemmer, og ein varamedlem.

Både leiar Atle Ternes og nestleiar Kjell Fylkesnes vart valde for to år i 2021.

Varamedlem Solfrid Burkeland Smith vart velt for eit år i 2020, og er på val no. Ho ynskjer ikkje attval.

§ 5-2 i vedtektene frå 2021 gjeld valkomiteen for eigenkapitaleigarane. I 1.ledd, 2 punktum står det: «Vedtaket i § 5-1 om valperiode og funksjonstid gjeld tilsvarande».

Etter § 5-1 1. ledd gjeld valet for to år om gongen.

Etter instruks for hovudvalkomiteen § 2.2.ledd.2.punktum skal val til hovudvalkomiteen haldast annakvart år.

Det er naturleg at dette også gjeld val til valnemnda. Valnemnda rår difor til at nytt medlem vert velt for eit år. Det samme gjeld varamedlem. Då kan heile nemnda veljast for 2 år neste år.

Varamedlem Yngve Nesland Vevatne har sagt ja til å gå inn som nytt medlem i valnemnda. Han vart velt i 2021. Det var då intensjonen at han kunne gå inn som nytt medlem første gong det vart ledig plass. Han bur i Uggdal. Han arbeider i Framo Services as, som service engineer worldwide, og innehar fleire styreverv på Tysnes.

Innstilling på medlemmer til valkomite:

Medlem: Yngve Nesland Vevatne

Varamedlem: Nemnda foreslår Kjell Ståle Tofte, ca 40 år, frå Sæbøvik i Kvinnherad. Han seier ja til å vera vara eller fullverdig medlem av valgkomiteen. Han driv Halsnøy Trelast og har stort nettverk.


Han representerer Kvinnherad, ein kommune der Tysnes Sparebank har eige kontor, og som er strategisk viktig for banken.

Det er ynskjeleg at han kan gå inn som nytt medlem første gong det er ledig plass.


Stord 21. januar 2022.



Atle Tørnes



Kjell Fylkesnes



Solfrid Burkeland Smith